

Vedlegg 4

Innspel frå dei vidaregåande skulane



Notat

Frå: Gro Fivelsdal

Til: Susan Husabø, OA
 Ingeborg Lie Fredheim, OA
 Bekka Skaasheim, OA

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-18 Tilbakemelding frå Dale vgs

1. I år vart ikkje Vg2 helsearbeidarfag sett i gang, fordi det var for få søkjarar. Det var første gongen at vi ikkje har greidd å fylle ein Vg2-klasse. Det er viktig for oss å få i gang igjen denne klassen, slik at vi har eit fullverdig toårig løp innanfor helse og oppvekst. Vi har ein full klasse på Vg1 helse og oppvekst å rekruttere frå og håper at det skal gje resultat. Derfor går vi utifrå at helsearbeidarklassen vår vert lyst ut igjen hausten 2017.
2. I år vart heller ikkje Vg2 maritim produksjonsteknikk sett i gang. Grunnen var få søkjarar og ein tilbaketrekt garanti om læreplassar frå den private bedrifta som var initiativtakar til linja. Sjølv om alle i første kullet til slutt fekk læreplass, så er konjunkturane framleis så svake innanfor skipsbyggingsindustrien at vi ikkje finn det forsvarleg å gå vidare med prøveprosjektet som var planlagt å gå over tre år. Læreplanen ligg der og så snart det igjen vert eit oppsving i industrien, kan dette prosjektet takast opp att. Vi ønskjer ikkje å lyse ut dette tilbodet neste skuleår.
3. Primærsøkjartala til Vg3 påbygging var låge i mars i år, ikkje desto mindre har vi no 30 elevar i klassen. Dei to føregåande åra har påbyggklassen vore ei suksesshistorie. Sidan det har vore ledige plassar, har elevar med dårleg snitt kome inn der, men til eksamen i norsk hovudmål var det berre éin av 30 som strauk våren 2016. Det betyr at det har vore jobba svært godt med desse elevane for at dei skulle kunne kome seg igjennom.

Dale vgs ønskjer sterkt at vi får behalde Vg3 påbygging, sjølv om primærsøkjartale kan vere låge. Klassen har kvart år vorte oppfylt til skulestart. Vi ber om at denne klassen vert utlyst som i fjor, slik at ein ikkje rokkar ved skulestrukturen her.

4. Når det gjeld IB, så er andre kullet i gang med sitt først IB-skuleår 2016-17. Dette er eit prøveprosjekt som går over tre år. Det vil seie at det ikkje skal takast inn eit nytt kull for 2017-18 utan at politikarane gjer prøveprosjektet om til eit permanent tilbod. Kull nr. 2 som starta hausten 2016, skal fullføre IB-studiet sitt i 2017-18. Dale vgs er i ferd med å utarbeide ein evalueringsrapport for det første halvanna året i prøveprosjektet.

5. Dale vgs har i år fleire minoritetsspråklege elevar som knapt kan norsk. Vi får spørsmål frå Hyllestad og Askvoll angående skuletilbod for flyktingar som berre har budd i Noreg i ein kort periode. Vi viser dei vidare til innføringsklassen i Førde, men dei er ikkje i stand til å flytte på hybel for å nytte seg av det tilbodet. Fleire av desse har nettopp kome til landet og er i ein sårbar situasjon. Dei ønskjer å ha eit skuletilbod i Dale, men vi får problem med å imøtekomme dette, då det viser seg at dei ikkje kan greie å verte ein del av ordinær klasse, men treng eit heilt eige opplegg med mykje norskundervisning.

Vi vil gjerne gje desse framandspråklege elevane eit målretta tilbod. Utifrå tilbagemeldingane til skulen er det eit tydeleg behov for ein meir desentralisert struktur på tilbodet til dei minoritetsspråklege i vidaregåande opplæring. Til dømes ser det ut som det er eit behov for minst ein halv innføringsklasse i Dale.

Resten av tilboda våre reknar vi med vert utlyste som før.

Dale vidaregåande skule
Gro Fivelsdal
Rektor

**Sakshandsamar:**

Ove Bjørlo
E-post: ove.bjorlo@sfj.no
Tlf.: 57638302

Vår ref.

Sak nr.: 16/7328-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
33326/16

Dykkar ref.

Dato

NORDFJORDEID, 04.10.2016

Bekka Skaasheim, OA
Susan Husabø, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 Eid vidaregåande skule

Innspel frå Eid vgs.

Viser til brev til rektorane – 30954/16, der skulane er bedne om å kome med framlegg til endringar.

Eid vidaregåande skule har generelt god søking til alle utdanningsprogramma, med høg oppfylling, høg gjennomføringsprosent og gode resultat.

Opplæringstilbodet for komande år var oppe som sak i drøftingsmøte med plasstillitsvalde 23.09.16 i sak 40/16, med slik einstemmig tilråding:

Opplæringstilbod 17/18:

Frist for innspel er 5/10. Utgangspunktet frå dir. er at klassetalet i fylket skal ned med 6 klasser. Skal ein auke opp noko må ein vise til tilsvarande innsparing.

Vedtak:

Skulen sender innspel på tilsvarande tilbod som for inneverande skuleår, men med 12 plassar både på Vg2 IMA og IUA, i tillegg til 15 plassar i kvar av Vg1 elektroklassene. Vg3 Automasjon kjem i tillegg som vedteke i tilbodsaka for opplæringstilbodet 2016 - 2017.

Utfyllande kommentarar frå skulen:

Elektro:

Skuleåret 2015/16 hadde vi tre klasser på Vg1 Elektro. I år er vi nede på to klasser med totalt 24 elevar. Det er kvart år særst stor søking til dette utdanningsprogrammet ved Eid vidaregåande skule. Læreplass situasjonen innafor elektrofaga i Nordfjord er god. For å sikre at fleire får fyrsteønsket sitt og sikre søking til alle dei tre Vg2 tilboda ved skulen, ønskjer vi å auke plasstalet opp att frå 12 stk. til 15 stk. i kvar gruppe som vi hadde tidlegare inn til skuleåret 15/16.

Vg2 Automasjon og påfølgande Vg3 vart etter påtrykk frå næringslivet i Nordfjord, oppretta som nytt tilbod ved skulen i tilbodsaka i fjord. Næringslivet må stille opp og ta unna

lærlingane våren 2018, og det kan nemnast at dei allereie no i haust har stilt opp og samlege elevar på Vg2 var lett å hospitere ut i bedriftene.

Tip/ D&H:

I innspelet til opplæringstilbod for inneverande skuleår, foreslo vi som innsparingstiltak ut frå låg søkning året før, å redusere plasstalet på den landsdekkande klassa på Vg2 Industriell møbelproduksjon frå 12 til 6 plassar. Tilsvarande for den fylkesdekkande klassa Vg2 Interiør og utstillingsdesign. Utan at vi heilt kan forklare kvifor, synte søkinga at dette var feil. Det var rikeleg søking til 12 plassar og i andre inntaket vart det auka til 12 for Vg2 Industriell møbelproduksjon. Det er i år heilt fullt på Vg1 både på Tip (36 elevar) og på D&H (30 elevar), som vil sikre høg søking også komande år.

Studiespesialiserande og påbygg:

Skulen for utset at tilboda vert vidareført utan endringar.

Informasjon om nytt tilbod som ikkje påverkar opplæringstilbodet eller gruppetalet i fylket:

Skulen har siste åra hatt tilbod om matematikkundervisning på Vg1 nivå for 10. klassingar frå Eid ungdomskule, som har vore ferdig med 10. klassepensumet i 9. klasse. Dette tilbodet er vanskeleg å administrere opp mot timeplan og skuleskyss og legg utfordrande bindingar på ein elles komplisert timeplankabal. Det er no kome ønske frå andre ungdomsskular om slikt tilbod, mellom anna Bremanger, men einaste løysinga vi ser er å tilby det nettbasert ilag med eigne elevar.

Dette er å gje individuelt tilpassa opplæring både på ungdomsskulenivå og på vidaregåande nivå. Eid vidaregåande vil prøve å utarbeide slike tilbod i aktuelle fag for skuleåret 2017/18, som kan vere oppe for heile Nordfjord. Pr. no ser vi føre oss reint pedagogisk å kombinere nettundervisning med samlingar.

Med helsing

Ove Bjørlo
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Bekka Skaasheim, OA
Susan Husabø, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Firda vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Hallgeir Hansen

E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no

Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 16/7328-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

33464/16

Dykkar ref.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga v/Susan Husabø
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato

SANDANE, 05.10.2016

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 - Firda vidaregåande skule

Skuleåret 16/17 var det stort press for å få elevplass ved Firda vgs. Alle gruppene på vg1 er fylt opp og det er fleire ungdommar som hadde Firda som 1.val, men som ikkje fekk plass ved skulen. I fleire år har det særleg vore stort press på idrettsfag. Dette skuleåret var det og stort press på studiespesialiserande og dans/drama.

Det er og vert å merke seg at ca. 50 % av ungdommane i Gloppen må reise andre stader for å skaffe seg den utdanninga dei ynskjer. Gloppen er den kommunen med vidaregåande skule som sender flest ungdommar andre stader for å gå på skule. Gloppen er og den einaste kommunen som har vgs, men som ikkje har yrkesfagleg utdanningsprogram.

I saka står det at «framlegg til nye eller endra tilbod må henge i hop med framlegg til tilsvarande reduksjonar». Tilbodet på Firda er kraftig redusert dei siste åra. Det er ikkje mogeleg for skulen å veksle inn nokon av dei tilboda vi har pr. i dag. Vi ynskjer likevel at de som planlegg opplæringstilbodet framover har med desse momenta i vurderingane når de skal planlegge opplæringstilbodet for neste skuleår.

Med helsing

Hallgeir Hansen
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Ingeborg Lie Fredheim, OA
Susan Husabø, OA

Kopi til:
Bekka Skaasheim, OA

Besøksadresse:


Postadresse:

Firdavn. 21
6823 SANDANE

E-post:
postmottak.firdavgs@sfj.no
Heimeside:
www.firda.vgs.no

Telefon:
57825320

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA



Notat

Frå: Knut Chr. Clausen

Til: Susan Husabø, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018. Innspel frå Flora vgs

Elevtalsutvikling

Skulen ser at det er ei auke i elevtalet frå grunnskulen våren 2017, og **Flora** kommune er igjen **den kommunen med størst elevtal** ut frå grunnskulen i Sogn og Fjordane.

Ein ser og ei auke i Bremanger. Samla sett er auka i elevgrunnlaget på 22 elevar ut grunnskulen i rekrutteringsområdet. I tillegg til desse elevane kjem elevar med ungdomsrett i EGF-klassen 2016-2017.

Skulen vurderer det såleis som tenleg å vidareføre breidda i tilbodet ved skulen, samt leggje til rette for ei auke med ei gruppe på VG1 Elektro medan ein vurderer trongen for to grupper på VG2 Elektro ved skulen. Med reduksjonen frå tre til to klassar på VG3 Studiespesialisering har skulen rom for t.d. ein ekstra gruppe VG3 Påbygging til generell studiekompetanse.

Framlegg til endringar på Elektrofag

Signal frå **elektronæringa** tilseier ein at ein bør auke opp med ei gruppe, til to grupper, på VG1 Elektro, samt halde på den etablerte løysinga med ei gruppe på VG2. Slik skulen les føresetnadene i tilbodssaka hausten 2015, var grunnlaget for dagens eine gruppe på VG1, ein plan om å redusere til ei gruppe på VG2 skuleåret 2017-2018. Skulen rår såleis til at ein aukar gruppetalet til to grupper på VG1 og reduserer til ei gruppe på VG2, slik at det vert i samsvar med Opplæringsavdelinga sine vurderingar for VG2 neste skuleår i tilbodssaka hausten 2015.

Når ein ser elektrotilbodet i fylket samla, både på skule og læreplass sida, kan ein merkje seg at Flora vgs hausten 2016 har tatt i bruk nyrenovert elektroavdeling, og har god kapasitet til fire grupper ved skulen dersom ein likevel vurderer at det er trong for dette i eit fylkesperspektiv.

Tilbod som ikkje vart sett i gong 2016/2017

Skuleåret 2016-2017 vart det ikkje sett i gong tilbode for VG2 Brønnteknikk ved skulen. Skulen har ikkje kunnskapsgrunnlag for å vurdere om det ligg føre prognosar for læreplasstilgangen i åra framover, som gjer til at ein bør revurdere dette. Brønnteknikk var dei siste driftsåra eit tilbod som kom i staden for to VG2 klassar i Industriteknologi. Såleis har skulen kapasitet til eit tilbod med 2 grupper på VG1 og to grupper på VG2 innan programområde for Teknikk og industriell produksjon, slik ein har hatt tidlegare.

Andre faglege vurderingar

Skuleåret 2016-2017 har skulen fått tilbake VG2 tilbod i Sal, Service og tryggleik. Tilbodet har rekruttert godt og har ikkje utfordra rekrutteringa til VG2 IKT-servicefag, som i tillegg er eit kryssløpsval frå alle andre VG1 kurs.

Med eit lågt avgangstal frå Flora-skulen våren 2016 vil rekrutteringa til VG2 Byggteknikk og VG2 Klima, energi og miljøteknikk i nokon grad vere avhengig av at flyten av elevar på dette i nivået held fram i Sunnfjord-regionen og i skuleåret 2017-2018. Ein vonar eigenrekrutteringa går opp att til 2018-2019.

Kommentarar til talgrunnlaget

Det kan utifrå tilsendt oversyn over inntekne elevar sjå ut som om det er 13 elevar på VG2 Helsefagarbeidar som er utan rett. Dette er ikkje korrekt. Det er berre 1 elev utan rett i ordinær VG2 Helsefagarbeidar ved skulen. Det er derimot 13 vaksne elevar med utan rett i eiga gruppe finansiert av NAV.

I talgrunnlaget er det og med nokre elevar på andre område som er ført opp utan rett, men som no er tekne inn med vaksenrett i eiga vaksengruppe på Mo og Øyrane.

Etablere tilbod til vaksne elevar i Flora.

Skulen har i dag tilbod finansiert av NAV om vaksenopplæringsklasse for minoritetsspråklege innan Helsefag. Om ein ser på mottaksstrukturen, busetnadsmønsteret og næringsstruktur ser skulen at ein i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune kan vurdere å etablere liknande tilbod for vaksne, og innan andre fagområde, i Flora i åra framover. Flora kommune har eit arbeidsliv med gode resultat for sysselsetting av minoritetsspråklege.

Susan Husabø, OA

Svar - Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 Framdriftsplan og bestilling

Det er eitt tilhøve vi gjer merksam på;

- På bakgrunn av at Medier og kommunikasjon er gjort om til eit studiespesialiserande løp vart det utlyst 30 plassar vg1 inneverande år. Her er ei oppfylling på 24. Det betyr at tal plassar på vg2 må aukast opp til minimum 24

Formnamn	Studiekode	nivå	Tal plassar
Kunst, design og arkitektur	KD	Vg1	30
Kunst, design og arkitektur	KD	Vg2	30
Formgivingsfag	ST	Vg3	30
Medier og kommunikasjon	MK	Vg1	30
Medier og kommunikasjon	MK	Vg2	30
Påbygg til generell studiekompetanse	PB	Vg3	30
Studiespesialiserande	ST	Vg1	120
Studiespesialiserande	ST	Vg2	120
Studiespesialiserande	St	Vg3	129

Med helsing

Nina Bygstad
 rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
 Susan Husabø, OA

Kopi til:

Innspel til opplæringstilbudet for skuleåret 17/18

Vg2 Frisørfag ved Høyanger VGS har tidlegare hatt store søkjartal. Etter fleire strukturendringar har søkjartala dei siste åra variert ein del. Tidlegare har fylket «mista» ein del elevar til private skular blant anna i Ålesund og Bergen. Etter at ein vedtok å legge om Vg1 design- og handverk til eit fylkesdekkande tilbod på Eid ser vi i at søkarmønsteret på Vg2 har endra seg frå tidlegare.

Ved å gå bak søkartala er det nokre tydelege tendensar;

- To av søkarane til Vg2 frisørfag i Høyanger har fått plass på Vidaregåande skule i Møre og Romsdal. Dei valde å ta i mot desse plassane
- Dei fleste av elevane på Vg2 tilboda på Eid VGS er frå Nordfjord-regionen
- Nokre av elevane frå Vg1 design- og handverk har valt kryssløp til Barne- og ungdomsarbeid på andre skular.
- Det er oversøking på Vg1 design- og handverk på Eid

Av 8 søkarar i prøveinntaket på Vg2 Frisørfag har 4 elevar falt frå i år. Av våre totalt 4 elevar er 2 frå Sogn. Desse to måtte til Eid for å gå vg1 for å søke seg til vg2 Frisørfag.

Frå neste år vil inntaksreglementet bli endra. Nokre problemstillingar knytt til dette;

- Vil fleire av «våre» i Sogn Fjordane søke seg ut av fylket?
- Vil vi ha ei frisørutdanning i fylket? Og skal elevane også komme frå Sunnfjord og Sogn?
- Bør ikkje eitt av Vg1-kursa leggest til ein annan region i fylket?


Med tanke på oversøking til Vg1 design- og handverk på Eid, bør ein tenkje at det vil vere naturleg å legge eit Vg 1 kurs i Sogn- eller Sunnfjord-regionen. Høyanger Vidaregåande Skule vart fråteken dette kurset, i tillegg til Vg 1 helse- og sosialfag, ved strukturendringane sist. Klubben ved Høyanger Vidaregåande Skule tykkjer det ville vore riktig å opprette eit Vg 1 design- og handverk kurs ved Høyanger Vidaregåande Skule av to grunnar:

1. Høyanger VGS har den fylkesdekkande linja Vg2 Frisørfag. Elevar som veit dei skal bli frisørar, slepp å bu på hybel to stader i løpet av to år opplæring. I tillegg er det eit betre tilbod for elevar i Sogn- og Sunnfjordregionen enn det som ligg føre i dag. Ein vil mest sannsynleg verte kvitt oversøkinga til Vg1 design- og handverk i Nordfjord, om elevane frå Sogn- og Sunnfjord regionen har eit anna alternativ. Utstyr, og pedagogar på området har vi allereie i stor grad på skulen.
2. Høyanger VGS har i dag berre Vg 1 kurs innan elektrofag og mekaniske fag. Dette resulterer i at fleire elevar, spesielt jenter, som ville vald Vg 1 helse- og sosialfag eller Vg 1 design- og handverk, føler seg pressa til å velje anten studiespesialisering eller elektro/tip. Dette fører igjen til at elevane mistrivast fordi dei slit fagleg, eller må gå på eit yrkesfagleg område dei ikkje interesser seg for. Vi ser likevel at dei vel dette framfor å flytte på hybel rett etter 10 klasse.

Vi ser det ikkje som heldig at eit Vg1 kurs er fylkesdekkande, da det gjer at tilbodet til dei yngste elevane i Sogn- og Sunnfjord regionen vert dårlegare enn i Nordfjord. Klubben ved Høyanger VGS foreslår derfor at det vert flytta ei gruppe Vg1 design- og handverk til Høyanger Vidaregåande Skule.

Med venleg helsing

Klubben Udf ved Høyanger Vidaregåande Skule



Notat

Frå: Torill Thorbjørnsen


Susan Husabø, OA

Til:

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

Høyanger vidaregåande skule ønskjer å fortsette med noverande tilbod. Eg vil likevel problematisere mangelen på opplæringstilbod som tradisjonelt har rekruttert flest jenter. Sett i lys av kva arbeidskraft det er behov for framover ønskjer vi sterkt å få inn igjen eit vg1 kurs på programområde hele og oppvekst.

Med helsing
Torill Thorbjørnsen
rektor



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
MO OG ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

Framlegg til dimensjonering frå Mo og Øyrane vgs.

TIP

Framlegg:

- 3 til 4 grupper VG1 Teknikk og produksjon (36 til 48 plassar)
- 1 gruppe VG2 Industriteknologi (12 plassar)
- 1 gruppe VG2 Køyretøy (12 plassar)
- 1 gruppe VG2 Bilskade / Lakk (8 plassar)

Bransjen og opplæringskontora signaliserer eit aukande behov for arbeidskraft hjå industribedriftene. Skulen har behov for minimum 3, helst 4 vgl grupper Teknikk og Industriell produksjon, dvs. ein auke på ein til to grupper. Auka gruppetal vil også harmonere mot rekruttering mot vg2 tilboda ved skulen også samt til fleire kryssløp frå våre VG1 klassar. Kryssløpa TIP rekrutterer flest elevar til er transport og logistikk, anleggsteknikk og IKT servicefag.

I Sunnfjord region er bilbransjen tungt etablert og køyretøyklassen ved skulen må sikrast rekruttering for å kunne tilby bransjen lærlingane dei har behov for. Når det gjeld vg2 bilskade-lakk og karosseri signaliserer bransjen derimot at ei gruppe på 12 elevar er i overkant av det dei treng av lærlingar. Rektor sitt framlegg er difor å dimensjonere denne gruppa til 8 elevar.

Bygg og anlegg

Framlegg:

- 4 grupper VG1 Bygg og anleggsteknikk (48 plassar)
- 2 grupper Byggteknikk (24 plassar)
- 2 grupper Anleggsteknikk (24 plassar)

Bransjen signaliserer stort behov for lærlingar både i dei tradisjonelle byggfaga innan Tømrrar og Betongfag, men og innan Anleggsfaga. For å kunne tilby bransjen lærlingane dei treng vil vi ha behov for to grupper på byggteknikk og to grupper på anleggsteknikk ved skulen. Innan anleggsteknikk er to grupper det optimale i høve utnytting av maskiner og utstyr ved øvingsområdet skulen har på Mo. Ved å ha to grupper er det og lettare å sikre høg kvalitet på utdanninga gjennom større bredde i totalkompetansen hos lærarane. For å kunne rekruttere til gruppene på VG2 treng skulen 4 grupper på VG1.

Naturbruk.

Framlegg:

- 3 grupper vgl Naturbruk (36 plassar)

Skulen har jobba aktivt med å marknadsføre naturbruksutdanninga overfor ungdomsskuleelevar, noko som i dei siste tre åra syner att i tal primærskuleelevar til programområdet vgl Naturbruk.

Gjennom tildelte midlar som fylkeskommunen får over jordbruksavtala som ledd i rekruttering til naturbruksutdanninga, har det over fleire år vore gjennomført såkalla «Ungdomscamp» på skulen over ei veke i slutten av juni månad. Dette ungdomsskuletiltaket har vore svært populært, og ikkje alle som ynskje har fått plass. Resultatet av medviten satsing også med informasjon mot ungdomsskular, viser no igjen på den sterke auke i primærskolnader til vg1 Naturbruk. Tre grupper vg1 Naturbruk vil også bidra til å styrkje rekruttering til vg. 3 Studieførebuande Naturbruk og vg. 3 Landbruk. Rektor forslår å auke frå 2 til 3 grupper på vg1 Naturbruk.

Vg 4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Framlegg:

1 gruppe vg4 påbygg til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

I år har skulen ei kombinasjonsgruppe vg3 Studieførebuande Naturbruk og vg4 påbygg til generell studie kompetane etter yrkeskompetanse med totalt 30 elevar. For skuleåret 2016-2017 er planen at elevar frå vg3YSK Sal, service og sikkerhet skal ha teori i fellesfaga i lag med vg3 studieførebuande Naturbruk. Dette gjeld dei 8 elevane som i inneverande skuleår går vg2 Sal, service og sikkerhet. For å fülle opp gruppa vil det derfor kun vere plass til inntil 9 elevar som skal gå vg3 Påbygg gsk etter y-kompetane.

Det kan derfor vere behov for ei eiga gruppe vg4 påbygg til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Restaurant og matfag

Framlegg:

2 grupper vg1 RM (24 plassar)

2 grupper vg2 Kokk- og servitørfag (24 plassar)

Sjølv om næringslivet melder om stort behov for fagkompetane innan programområdet, syner søknaden til RM svak rekruttering. Skulen legg ned mykje arbeid i å marknadsføre programområde og har no også lykkast i å etablere eit samarbeid med grunnskular om faget arbeidslivsfas. Erfaring syner at dette gjev god rekruttering til vg1. To grupper på vg1 RM gjev grunnlag for å auke tal grupper frå ein til to på vg2 Kokk- og servitørfag.

Helse og oppvekstfag

Framlegg:

3 gruppe vg1 HO (45 plassar)

2 grupper vg2 Helsearbeidarfag (24 plassar)

1 gruppe vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag (15 plassar)

0,5 gruppe vg2 Ambulansefag (9 plassar)

0,5 gruppe vg2 Helseservicefag (6 plassar)

Helse- og oppvekstfag er eit populært programområde med stor søknad. Skulen sitt framlegg er å vidareføre dagens dimensjonering for komande skuleår.

I framtida vil det mest truleg bli endringar i opplæringsmodellen for ambulansefaget. I ny rapport frå Udir. «Gjennomgang av det yrkesfaglege utdanningstilbudet» forslår FRHO ein opplæringsmodellen som går over fem år. Rådet meiner dette vil vere naudsynt for å imøtekomme krava i den nye akuttmedisinforskrifta og i utviklinga av dei akuttmedisinske tenestene. Saka er for tida til handsaming i direktoratet.

Elektro

Framlegg:

- 2 grupper vg1 elektrofag (24 plassar)
- 1 gruppe vg2 data og elektronikk (12 plassar)
- 1 gruppe vg2 elenergi (12 plassar)
- 1 gruppe vg3 dataelektroniar

Endring i arbeidsmarkanden har fått konsekvensar for formidlinga av elevar til lære. I august var det 7 elevar frå skulane i Sogn og fjordane som ikkje hadde fått læreplass. Dette kan tyde på at det samla sett på fylke er ei gruppe vg1 EL for høgt dimensjoner i forhold til behovet i marknaden. Rektor foreslår ei justering frå tre til to grupper på vg1.

Frå vg2 data og elektronikk kan elevar søkje seg vidare til vg3 dataelektonikarfaget. Mo og Øyrane vgs. har også tidlegare hatt dette tilbudet ved skulen. I indre Sunnfjord er det mange bedrifter som rekrutterer lærlingar til dette faget, noko som syner at det i høgst grad er grunnlag for eit slik utdanningstilbod i Sunnfjord og ved Mo og Øyrane vgs. Rektor kjem med framlegg om det igjen vert etablert ei gruppe vg3 Dataelektrokikar ved skulen.

Service og samferdsle

Framlegg:

- 1 gruppe vg1 Service om samferdsle YSK (12 elevar)
- 1 gruppe vg2 Sal, service og sikkerhet YSK (11 elevar)
- 1 gruppe vg3 Sal, service og sikkerhet YSK (8 elevar)
- 1 gruppe vg2 Transport og logistikk (12 elevar)

Arbeidet med å etablere YSK- tilbudet syner no att i tal primærsøkjarar som søker seg til programområdet og skulen kan melde om eit godt samarbeide med bedriftene om tilbudet. Elevar som i år går vg2 YSK skal vidare på vg3 YSK i skuleåret 2017-2018. Fellesfaga er planlagt i lag med vg3 gsk etter y-kompetanse. Viser her til uttale under vg3 gsk etter y-kompetanse.

Vg2 Transport og logistikk.

Vg2 Transport og logistikk er plassert under opplæringsstilbudet Service og samferdsle. Rekruttering til vg2 tilbudet kjem likevel i hovudsak frå vg1 TIP, der det her er eit kryssløp.

I justeringssaka av opplæringsstilbudet i vår (FT-9/16) vart det i punkt 5 vedteke at tilboda som ikkje vart tilrådd sett i gang for skuleåret 2016-2017 skulle vurderast i sak om opplæringsstilbudet i 2017-2018. Bransjen signaliserer sterkt at det i Sunnfjord som har tyngdepunktet av

transportnæringa i fylket, må ha tilbod om opplæring på vg2 Transport og Logistikk. I tillegg til fleire store transportverksemdar i regionen, er også det største busselskapet Firda billag buss AS og det største godsselskapet Transferd AS etablert her. Bransjen signaliserer at det i framtida vil ha stort behov for nyrekutting mellom anna grunna høg gjennomsnittsalder på sjåførane. Rektor foreslår at vg2 Transport og logistikk frå skuleåret 2017-2018 igjen vert eit tilbodet ved Mo og Øyrane vgs.

Liv Horvei 4.10.2016

Liv Horvei – rektor

Siri Brændmo

Siri Brændmo – ATV Utdanningsforbundet Øyrane

Paul Anton

Paul Martin Follevåg Antonsen
ATV Utdanningsforbundet - Mo

.....

Elin Schei Stuhaug - Hovudstyremedlem Delta/Parat

Jarl Devik

Jarl Devik – ~~Utdanningsforbundet~~

NATURLITERANE

Marit Elin Tyvoll

Marit Elin Tyvoll – ATV Fagforbundet

Steffen Fjellestad

Steffen Fjellestad – elevrådsleiar 2016-2017

Til rektor

Vg2 Transport og logistikk ved Mo og Øyrane vgs.

I samband med opplæringstilbodet 2017- 2018 ved Mo og Øyrane vgs. ynskjer elevrådsstyret ved skulen å kome med framlegg til saka. Dette gjeld Vg2 Transport og logistikk.

Vg2 Transport og logistikk er eit populært utdanningstilbod og er viktig både for elevane og transportnæringa i seg sjølv. Næringa har eit stort behov for lærlingar og dei tek i mot alle som kvalifiserer seg. I tillegg er det mange elevar ynskjer å gå denne vegen. Det som er viktig no er at utdanninga igjen blir eit tilbod i Sunnfjord. Det er tross alt i Sunnfjord og Nordfjord at det er flest læreplassar.

I år er det ca. 50 stk. som ikkje har fått lære plass i Sogn og Fjordane. For å forbetre dette talet er det sjølvstendig viktig at utdanningstilboda som treng lærlingar vert satsa på. Altså meiner vi at forholdet mellom tal skuleplassar og tal læreplassar innanfor kvart utdanningsprogram må forbetrast.

Eit anna moment i saka er at vi også bør få ei klassa til på Vg1 TIP. I dag er det to TIP- klasser som skal rekruttere til 5 Vg2- klasser ved skulen.

Det er svært viktig at det blir skapt ro kring utdanningstilbodet. Dei komande søkjarane får eit utrygt bilete av transportlinja og dette kan føre til at dei vel andre tilbod framfor Transport og logistikk på grunn utryggheit.

I Sogn og Fjordane har vi ei levedyktig transportnæring som har eit stort behov for lærlingar. Det er skuleplassane vi manglar ved Mo og Øyrane vgs. Dette håpar vi blir endra til neste skuleår.

Førde, 04.10.2016

Med helsing

Elevrådsstyret


Steffen Fjellestad

-leiar-



Ingeborg Lie Fredheim, OA

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

Vi viser til e-post 16.09.16, der skulane er inviterte til å kome med innspel til opplæringstilbodet for neste skuleår. Innspela er drøfta med tillitsvalde 05.10.16.

Måløy vidaregåande ønskjer å vidareføre alle våre utdanningsprogram og klassar, samt utlysing av Vg2 industriteknologi (PIN 2004) i tråd med vedtak for skulebruksplanen i Fylkestinget juni 2013.

Industriteknologi Vg 2

Trass i vekslande konjunkturar går store delar av verksemdene i området rundt skulen godt, og vi registrerer stor interesse frå desse for lærlingar innafor fleire fag. Måløy vgs. har i samband med YSK-tilbodet hatt elevar på Industriteknologi sidan 2010-2011. Dette har vore eit satsingsområde for skulen og vi framstår no som ein moderne skule med godt utstyr. Vi har lagt mykje arbeid i fornying av læreplanar, og har dei siste åra utvikla kompetanse innafor nye materialar som plast og kompositt. Vi samarbeider godt med ei veksande gruppe verksemder rundt skulen, og har også innleia eit samarbeid med Kongsberg vidaregåande skule som i år har fått ei landslinje for dette faget. Vi ynskjer å fortsetje dette arbeidet og tilby faget industriteknologi med fordjuping i nye materialar og produksjonsteknikkar.

Maritime fag Vg2

Skulen meiner at det fylkesdekkande tilbodet ved Vg2 maritime fag er riktig dimensjonert. Vi har hatt svært god søknad til det maritime utdanningstilbodet sjølv om der har vore store endringar i arbeidsmarknaden. Elevane har i stor grad fått lære plassar gjennom det lokale kontoret for fiskeri- og maritime fag – OKFH. Ein stor del av elevane som tek fagbrev som matros eller motormann tek skipsoffiserutdanning ved Fagskulen i Sogn og Fjordane, lokalisert i Måløy.

Naturbruk med fiske og fangst og akvakultur

Dette er eit fylkesdekkande tilbod som utgjer hovudrekrutteringa til fagutdanninga innan dei marine næringane. Elevane har i stor grad fått lære plassar gjennom det lokale opplæringskontoret, OKFH, både innan fiske og fangst og akvakultur. Mange av elevane ved fiske og fangst vidareutdannar seg til dekksoffiserar ved Fagskulen, etter fullført fagbrev.

Skulen har over tid hatt ein gradvis auke i søkartala, dette skuleåret hadde skulen venteliste på naturbruk for første gang på mange år. Dei marine utdanningane er svært viktig for dei aktuelle næringane i regionen.

Restaurant- og matfag

Restaurant og matfag har jamt over hatt god søknad over mange år. Skulen har godt samarbeid med mange lokale bedrifter i høve til læreplassar. Skulen har også eit tett samarbeid med ei lokal bedrift, restauranten «Kraftstasjonen», der elevane deltek i faste arrangement gjennom året, på kveldstid. Skulen har også i mange år satsa på ungdomsbedrifter, der utvikling av sjømatprodukt har vore sentralt. Dei fleste elevane har målsetjing om å ta fagbrev etter Vg2 og dei siste åra har alle elevane fått læreplassar.

Helse og oppvekstfag

Vi har hatt god rekruttering både til Vg1 helse og oppvekstfag og Vg2 barne og ungdomsarbeidarfag innan det ordinære yrkesfagtilbodet. Skulen har eit nært samarbeid med bedrifter/institusjonar i heile Sogn og Fjordane i høve til læreplassar.

Rekruttering frå heile fylket har vore god innfor YSK-tilbodet, der dei fleste elevane har valt helsefagarbeidar på Vg2.

Bygg- og anleggsfag

Dette utdanningsprogrammet er svært viktig for rekruttering til det lokale og regionale næringslivet og elevane kjem i stor grad frå nærområdet. Søknadstala for Vg1 har jamt over vore gode, medan søknadstala for Vg2 har vore noko lågare. Rekrutteringa til YSK-tilbodet innfor dette programområdet har auka dei siste åra, noko som bidrar positivt til å styrke elevtalet på Vg2. Dette er også eit utdanningsprogram som i høg grad rekrutterer til fagbrev.

Studiespesialisering

Skulen har hatt god søknad til både Vg1, Vg2 og Vg3, ofte med venteliste på Vg1, og utdanningstilbodet er rett dimensjonert i høve søkjartal.

Med helsing

Åsta Navelsaker Røed
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Ingeborg Lie Fredheim, OA

Kopi til:

Susan Husabø, OA

Bekka Skaasheim, OA

Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

OPPLÆRINGSTILBODET FOR SKULEÅRET 2017-2018

Sogndal vidaregåande skule har fylgjande innspel til opplæringstilbodet for kommande skuleår.


Skulen vår er godt tilpassa vg1- tilbod også for komande skuleår, men når det gjeld vg-2 tilbod, er det viktig at skulen får tilbake vg2 Klima -energi og miljø. Me har dette skuleåret 5 vg1-grupper i byggfag. Det er viktig at desse elevane får fullføra opplæringsløpet sitt på skulen. Dette skuleåret er den gruppa borte p.g.a. av få elevar som søkte tilbodet, då hadde me berre 3 vg1-grupper. Me har gode lokale og godt kvalifiserte lærarar for dette tilbodet.

Det andre tilbodet som me miste dette skuleåret, var vg2 kokk-og servitør. Dette tilbodet er veldig viktig at me får tilbake. Me får no fine, nye og godt utsyrte lokale for restaurant og matfag. Regionen vår treng dette tilbodet. Me trur søknaden tek seg opp når me får dei nye, fine lokala som ligg sentralt i skulen.

Me har også fått mange tilbakemeldingar frå næringslivet i regionen at dei saknar at me er leverandør av læringar til industrideknologi. Me har 2 vg1-grupper innan tip, og har gode lokale for eit slikt tilbod. Dersom de skal opp med noko ekstra tilbod innan industrideknologi, ville det vore fint om det vart plassert i Sogndal.

Sogndal 03.10.16

Marta Sofie Vange



Sakshandsamar:
Anders Magne Bruvoll
E-post: Anders.Magne.Bruvoll@sfj.no
Tlf.: 99524511

Vår ref.
Sak nr.: 16/7328-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
33639/16

Dykkar ref.

Dato
STRYN, 05.10.2016

Notat

Frå: Anders Magne Bruvoll

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 Bestilling

Stryn vidaregåande skule ynskjer å vidareføre opplæringstilbodet skulen har i dag.

Av dei to klassane på VG1 BA som ligg i tilbudsstrukturen vår, vart berre den ein gruppa sett i gang dette skuleåret. Vi reknar med at utgangspunktet for søknad for 2017-18 igjen vil vere to VG1-grupper på dette programmet. Dette er viktig for at vekslingsmodellen skal kunne gjennomførast etter kriteriana og intensjonane til UDIR.

Innmelde avgangselevar frå grunnskulane i Stryn og Hornindal viser ein god auke dette året. Dersom søkjartala for 2017-18 legg grunnlag for det, er det ynskjeleg med to klassar på VG1 helse- og oppvekstfag og/eller service og samferdsel.

Skulen er elles kjend med at næringslivet i Stryn arbeider for å få tilbake eit VG1 TIP-tilbod på Stryn vgs. I lys av skulen si samfunnsrolle vil vi stille oss positive til å legge til rette for dette dersom ei politisk avgjerd går i den retning. Skulen har framleis skreddarsydde lokale for TIP, og det er naturleg at desse lokala blir vurdert opp mot framtidige utbyggingsbehov ved andre skular som har TIP no.

Sakshandsamar:

Henny Midtun
E-post: Henny.Midtun@sfj.no
Tlf.: 57638402

Vår ref.

Sak nr.: 16/7328-24
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

34213/16

Dykkar ref.

Dato

ØVRE ÅRDAL, 11.10.2016

Notat

Frå: Henny Midtun
Til: Susan Husabø, OA
Kopi til:

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

Årdal vgs sine innspel på neste års opplæringstilbod:

Elektro / Automatisering

Skulen ønskjer å halde fram med noverande tilbod. Vg1 elektro har god søknad. Vg2 og Vg3 Automasjon har hatt ca 50% eigne elevar og 50% elevar får andre skular i Nordfjord og Sunfjord. Det har gitt oss godt læringsmiljø og god mulegheit til yrkespraksis og samarbeid med bedriftene lokalt og regionalt. 10 av 11 elevar fekk læreplass i år. Me er ikkje lenger fylkeslinje og ser med bekymring på oppdekking av læreplassar i 2018/19, når bedriftene må stille med dobbelt så mange læreplassar. Årdal vgs er godt utstyrt, har eit sterkt fagleg miljø, og har sær sars god tilgang på læreplassar, og må difor vere den skulen som også i framtida skal tilby denne utdanninga.

Tip / Industriteknologi / Kjemiprosess

Skulen ønskjer å halde fram med noverande tilbod. Vg 1 Tip har stor søknad, og full klasse inneverande skuleår. Me har utvida talet til 15 plassar inneverande år, og ønskjer også neste år å auke plasstalet. Vg2 Industriteknologi har og god søknad og me har god tilgang på læreplassar. 9 av 10 fekk læreplass inneverande år. Vg 2 Kjemiprosess har hatt nedgang i søkartalet, men me ønskjer sterkt å oppretthalde tilbodet. Det er god tilgang på læreplassar, og næringslivet, spesielt Hydro Årdal, har stor trong for desse elevane. Inneverande skuleår hadde me 100% oppdekking av læreplassar, der heile 5 av dei fekk plass i Statoil. Det er eit teikn på god kvalitet.

Service og Samferdsle/ Sal, service og tryggleik

Skulen ønskjer å halde fram med noverande tilbod. Innanfor dette programområdet jobbar me mykje med entreprenørskap/ungdomsbedrifter, som gir elevane våre nyttig lærdom i å drive eigne bedrifter. Me har god tilgang på læreplassar, og 9 av 10 fekk læreplass inneverande år, innan Sal service og tryggleik.

Studieførebuande utdanningsprogram / Påbygg til generell studiekompetanse.

Skulen ønskjer å halde fram med noverande tilbod. Me har god søknad på vg1, vg2 og vg3 studieførebuande. Søkartalet til Påbygg til generell studiekompetanse varierer litt frå år til år, men dette er likevel eit viktig tilbod å oppretthalde for dei som ønskjer å kvalifiserer seg til høgare utdanning. Alle påbyggelevane våre fekk positive karakterar sist skuleår.

Besøksadresse:

Farnesvn. 32

Postadresse:

Pb. 213
6882 ØVRE ÅRDAL

E-post:

postmottak.ardalvgs@sfj.no
Heimeside:
www.ardal.vgs.no

Telefon:

57638400

Bankgiro:

4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA